



Medlem og varamedlem i Eidfjord felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-71
Journalpostid: 23/9842

Saksh: Linda Ågotnes Kaland
Telefon: 53 67 35 37

Arkivkode: K1-033
Dato: 22.09.2023

Møtebok 21.09.2023

Tid: Kl. 10.00 – 11.15.

Stad: Møterom i 2. etg. på kommunehuset.

Frå fellesrådet møte:

Ole-Johnny Odland, Svein Hop, Harald Næss, Marete Sæbø og Johanna Håbrekke.

Forfall:

Frode Eriksen, Magnar Røise og Sigrid Bu.

Frå administrasjonen møte:

Linda Ågotnes Kaland.

Underskrift møtebok:

Marete Sæbø og Johanna Håbrekke.

Sak 111 Godkjenning av møtebok 17.08.2023

Møteboka vart godkjent.

Sak 112 Sansehagen – Synfaring

- Rådet ynskjer at hekk ved gjerde mot parkeringsplass vert oppdelt og låg slik at det framleis er mogeleg for bebuarane å sjå ut på kven som kjem og går.
- På grasområdet i midten ynskjer rådet plassering av skulpturen liten gut med kroneis på ein stein, og vannbad med liten fontene. Dei ynskjer at det vert plassert låg belysning på gangvegen rundt, og at det vert nytta robotgrasklippar.
- I kroken der skulptur vart tenkt, ynskjer rådet at buskas vert fjerna og at det vert lagt heller med plass til evt. benk og bord.



- Det er elles viktig med lettstelt beplantning som vert vedlikehelde.

Sak 113 Ymse

Kort gjennomgang av sakane rådet har hatt gjennom året v/ leiar Marete Sæbø.

Marete Sæbø og Harald Næss var i samarbeidsutvalsmøte på bygdaheimen der dei fekk brosjyre «Velkomen til Eidfjord Bygdaheim».

Brosjyra vart delt ut til medlemmane av rådet i møte, med oppmoding om å koma med innspel. Frist for innspel til bygdaheimen er 1. oktober.

Rådet hadde ein kort gjennomgang av brosjyra og fremja nokon ynskjer til avsnitt i brosjyra:

- Tannlege
- Forsikring

Rådet ynskjer at det skal vere ein fast plan for fysioterapeut/ergoterapeut for førebyggjande aktivitetstilbod til alle. Dei ynkskjer og at bebuarane på bygdaheimen skal kunne få hjelp til innstilling/bruk av høyreapparat og enkel sjekk av briller.

Overføring/streaming av Gudsteneste frå Eidfjord kyrkje til bygdaheimen?!

Rådet synes det er viktig at kommunen kan gje informasjon ut om at hjelpetenester som klipping av hekk, måking og liknande kan kjøpast av t.d Eidfjord Bygdaservice.

Leiar

Medlem

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Linda Ågotnes Kaland
Sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok